

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 20.01.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Anne Kristin Kleiven, Kari Furevik  
**SAKA GJELD:** **Internrevisjonsrapport - Læring på tvers av uønska hendingar**

**ARKIVSAK:** 2021/6941

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
26.01.2023

**STYRESAK:**  
008/2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Førde tek saka til etterretning, og ber administrerande direktør starte arbeidet med oppfølging av revisjonsrapporten med tiltak og planar for Helse Førde.

## Bakgrunn for saka

Internrevisjonen har undersøkt om helseføretaka si handtering av uønskete hendingar bidrar til å sikre læring og forbetring på tvers av fagmiljø og avdelingar i føretaka og mellom føretaka.

Temaet kom inn i revisjonsplanen i 2021, etter forslag frå Helse Bergen. Som bakgrunn for forslaget skriv dei følgjande: «Føretaka si evne til organisatorisk læring må kome høgt opp på prioriteringslista for revisjonsarbeidet til Helse Vest. Dette må gjelde heile organisasjonen inkludert utdanninga av helsepersonell. Fleire tiltak for å forbetre system, rutinar og strukturar for læring etter uønskete hendingar er planlagd dei siste åra som følgje av alvorlege uønskete hendingar, tilsyn og revisjonar. Alvorlege hendingar i Helse Bergen frå Barneklubben, Akuttmottak og Kreftavdelinga er døme på hendingar med læringspotensiale»

Revisjonen har omfatta Helse Vest RHF og dei fire helseføretaka. Føremålet med revisjonsprosjektet har vore å undersøkje om helseføretaka si handtering av uønskete hendingar bidrar til å sikre læring og forbetring på tvers av fagmiljø og avdelingar i føretaka og mellom føretaka. Revisjonen er avgrensa til handtering av pasientrelaterte uønskete hendingar.

Følgjande hovudproblemstillingar er undersøkte:

1. Korleis sikrar helseføretaka læring etter uønskete hendingar på tvers i eige føretak?
2. Korleis sikrar helseføretaka læring etter uønskete hendingar på tvers mellom føretaka?
3. Styring og oppfølging av pasienttryggleik, under dette:
  - a. Korleis og i kva grad er arbeidet med pasienttryggleik integrert i etablerte styringslinjer?
  - b. Korleis er styra i helseføretaka og i RHF-et involvert i arbeidet med å førebyggje og lære av uønskete hendingar, på tvers i føretaka og mellom føretaka?

Vedlegg:

Rapport frå internrevisjonen